



Rettleiar til søknad om arrangement i kommunale bygg eller grunn i Samnanger kommune

Det er mykje å ta omsyn til når ein skal organisere arrangement. God planlegging er som regel ein føresetnad for ei vellukka gjennomføring. Dette er ein rettleiar for deg som skal søka om bruk av kommunale bygg eller kommunal grunn til arrangement. For større arrangement bør det utarbeidast ein tryggleiksplan.

Søknad om bruk av kommunal grunn eller kommunalt lokale

Søknader til kommunen om løyve til bruk av lokale eller grunn skal innehalda punkta under. Send søknad til post@samnanger.kommune.no. Søknad eller melding om arrangement til anna offentleg mynde krev som regel same informasjon.

Ansvar

Det er arrangør som har ansvar for arrangementet. Arrangør kan t.d. vera eit lag, privatperson/personar eller kommunen. Oppgåvene for gjennomføring eller oppfølging av tiltak kan gjerne delegerast, men ansvaret for arrangementet ligg til arrangøren. Er arrangementet eit samarbeid mellom fleire bør det peikast ut kven som har rolla som arrangør.

Arrangøren har ansvar for at arrangementet vert gjennomført på ein sikker og trygg måte. Det handlar blant anna om å beskytte publikum, deltakarar, frivillige, tilsette, artistar og leverandørar mot uønska tilfeldige hendingar, uhell og ulukker, søm fører til skade. Det handlar òg om å beskytte mot kriminelle handlingar eller mot handlingar som bryt med arrangørens ordensreglar.

Løyve til arrangement

Større arrangement treng gjerne løyve frå fleire instansar (sjå *Prosedyre ved større arrangement*). Dei vanlegaste er:

- Løyve frå huseigar/grunneigar
- Løyve frå Politiet
- Melding til brannvesenet
- Skjenkeløyve frå kommunen
- Melding til Mattilsynet

Innhald i søknad om løyve til/melding om arrangement

For større arrangement bør det utarbeidast ein tryggleiksplan. Søknad eller melding om arrangement til offentleg mynde *bør* innehalda punkta under. Søknader til kommunen om løyve til bruk av lokale eller grunn skal innehalda følgjande punkt:

- Opplysningar om kven som er ansvarleg for arrangementet
- Løyve frå huseigar eller grunneigar
- Skildring av arrangementet (aldersgrense, type, størrelse osv.)
- Plan for gjennomføring (start/slutt, varigheit osv.)

- Skjenkeløype, om dette er aktuelt
- Risikovurdering (Kva kan gå galt? Kvifor kan det gå galt? Korleis kan det gå galt?)
- Skildring av kva tryggleikstiltak som er planlagt
- Informasjon om vakthald (vakthaldsplan)
- Prosedyre ved brann
- Prosedyre ved evakuering
- Skildring av kva område som skal nyttast og installasjonar som skal settast opp
- Kart som viser røming svegar, sløkkjeutstyr, innsatsvegar for utrykkingskøretøy og parkering
- Anna relevant informasjon

Tips til deg som arrangør

- Lag ei side med «Praktisk tryggleiksinformasjon» som alle frivillige, tilsette og innleigde kan lesa og signera på at ei har lest.
- Lag eit avviksskjema, eller anna enkel metode for å melde inn avvik
- Avklare kommunikasjonsvegar, og gå gjennom program og plan for vakthald, *før* sjølve arrangementet
- Syte for nok «pusterom»/pausar frivillige eller tilsette

Nokre av dei viktigaste lovane og forskriftene for deg som arrangør:

- ✓ Arbeidsmiljøloven
- ✓ Produktkontrollloven
- ✓ Internkontrollforskriften
- ✓ Byggherreforskriften
- ✓ Produktansvarsloven
- ✓ Vaktvirksomhetsloven

Kjelde:

[Sikkerhet - Norske Konsertarrangører \(konsertarrangor.no\)](http://konsertarrangor.no)